

# SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
17/24	Styret for SEKOM sekretariat	26.08.2024
15/24	Representantskap for SEKOM sekretariat	23.09.2024

Arkiv	Sakshandsamar
FE-150	Arnar Helgheim

## Budsjett 2025 for SEKOM sekretariat

### Vedlegg i saka:

Budsjett 2025 - framlegg frå dagleg leiar 26.7.24

Økonomiplan 2025 - 2028 - framlegg frå dagleg leiar 26.7.24

### 26.08.2024 Styret for SEKOM sekretariat

#### Vedtak:

1. Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 26.7.24 vert vedteke.
2. Disposisjonsfond minus samla premieavvik bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet.

#### Handsaming:

Dagleg leiar Arnar Helgheim gjekk gjennom budsjettet for 2024.

Saka går vidare til representantskap for endeleg handsaming, med tilrådinga frå styret.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### 23.09.2024 Representantskap for SEKOM sekretariat

#### Vedtak:

1. Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 26.7.24 vert vedteke.
2. Disposisjonsfond minus samla premieavvik bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet.

#### Handsaming:

SEKOM sekretariat ved styreleiar Per Rune Vereide kom med nokre kommentarar til budsjett for 2025.

**Tilrådinga vart samrøystes vedteke.**

### Tilråding frå SEKOM sekretariat:

1. Framlegg til budsjett og økonomiplan datert 26.7.24 vert vedteke.
2. Disposisjonsfond minus samla premieavvik bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet.

### Saksutgreiing:

Eg viser til dei vedlagde tabellane med framlegg til detaljbudsjett for 2025 og framlegg til økonomiplan 2025 - 2028.

Detaljbudsjett er sett opp etter same mal som tidlegare, men endring i pensjonsføringar gjer at det kjem nokre nye postar nedst i tabellen.

### Økonomiplan

Etter avklaring mellom dagleg leiar og styret, startar vi med å lage økonomiplan for 4 år samstundes med årsbudsjettet. I løpet av 2023, såg vi at det nærma seg utfordring med likviditet på grunn av dei høge pensjonskostnadane med tilhøyrande premeavvik. For å sikre likviditet og dermed stabile tilskot frå eigarkommunane, la vi difor opp til å planlegge for 4 år.

### Kommunetilskot

I framlegget, har eg teke utgangspunkt i at det samla kommunetilskotet ikkje aukar meir enn løns- og prisvekst. Det er stor usikkerheit om desse tala for 2025, og vi tar utgangspunkt i dei nyaste anslaga frå KS. Her er løns og prisvekst (deflator) berekna til 4,1% med lønsvekst på 4,6% og prisvekst på 3,5%. Løn utgjer 57,4% av kostnadane for kommunane samla. For SEKOM utgjer løn 83,9% av utgiftene og eg har dermed lagt til grunn dette reknestykket for løns- og prisvekst frå 2024 til 2025:

	Sats		Andel utg
Lønsvekst jf KS	4,60 %	2,64 %	57,40 %
Prisvekst jf KS	3,50 %	1,49 %	42,60 %
Deflator kommunesektoren		<b>4,13 %</b>	
SEKOM lønsvekst	4,60 %	3,86 %	83,9 %
SEKOM prisvekst	3,50 %	0,56 %	16,1 %
Deflator SEKOM		<b>4,42 %</b>	

Tilskotet frå eigarane vert rekna ut frå:

- Folketal - 50%
- Tidsbruk - 25%
- Fast beløp - 25%

Framlegget til budsjett inneber denne fordelinga:

Kommune	Folketal 1.1.24	Tid stipulert	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	B2024	B2025
Askvoll	2 986	9,0 %	-78 641	-62 836	-69 825	203 000	211 302
Bremanger	3 392	9,0 %	-89 334	-62 836	-69 825	221 000	221 995
Fjaler	2 869	9,0 %	-75 560	-62 836	-69 825	207 000	208 221
Gloppen	5 926	11,0 %	-156 071	-76 800	-69 825	283 000	302 696
Gulen	2 234	9,0 %	-58 836	-62 836	-69 825	184 000	191 497
Hyllestad	1 268	7,0 %	-33 395	-48 873	-69 825	142 000	152 092
Høyanger	3 879	10,0 %	-102 160	-69 818	-69 825	225 000	241 803
Solund	750	8,0 %	-19 752	-55 854	-69 825	129 000	145 432
Stryn	7 271	10,0 %	-191 494	-69 888	-69 825	317 000	331 206
Sunnfjord	22 450	18,0 %	-591 257	-125 672	-69 825	764 000	786 755
	<b>53 025</b>	<b>100,0 %</b>	<b>-1 396 500</b>	<b>-698 250</b>	<b>-698 250</b>	<b>2 675 000</b>	<b>2 793 000</b>

Endeleg tilskot vert avrekna ved rekneskapsavslutning og avvik vert då gjort opp mot tilskotet for neste år. Dette reknestykket vert lagt fram i note til kvart rekneskap.

## Lønsutgifter

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i noverande løn med tillegg for lønsvekst som KS-området i 2024 og som anslag frå KS i 2025. Rådgevar i selskapet har gått ned til 80% stilling frå sommaren 2024 i samband med delvis uttak av avtalefesta pensjon. Dermed vert posten for fastløn lågare i dette framlegget enn i det vedtekte budsjettet for 2024 der begge stillingane var berekna som 100%.

Endringa frå 2,0 til 1,8 stillingar tryggar også at vi kan budsjettere med same reelle nivå totalt sett, og unngå auka kommunetilskot eller likviditetsutfordringar.

## Pensjon

Pensjonskostnadane er den klart største variabelen i selskapet sin økonomi. Med føring av premieavvik, vert dei store svingingane ikkje like synlege som før på resultatet. Men: Rekninga må betalast og dermed påverkar det likviditeten like mykje som før.

Netto pensjonsføring	B25	B26	B27	B28
Netto pensjonsføring pr år	278 000	325 000	330 000	335 000

## Likviditet

Med føring av premieavvik, må vi sjå disposisjonsfonda saman med oppsamla avvik for å vurdere likviditeten.

Eg viser til saka om økonomirapprt for 2024 der det ser ut til å bli eit lite overskot som vert sett av til disposisjonsfond. Prognose pr 31.12.24:

	Pr 1.1.24	Prognose 2024	Pr 31.12.24
Fond	606 099	76 000	682 099
Oppsamla premieavvik	352 506	107 048	459 554
<b>Netto</b>	<b>253 593</b>	<b>-31 048</b>	<b>222 545</b>

Budsjett og økonomiplan:

Likviditet	Pr 31.12.25	Pr 31.12.26	Pr 31.12.27	Pr 31.12.28
Disposisjonsfonda	732 099	740 939	758 133	784 214
Oppsamla premieavvik med arb.gjevaravgift	482 398	513 143	463 143	509 688
<b>Fond minus avvik (likviditet)</b>	<b>249 701</b>	<b>227 796</b>	<b>294 990</b>	<b>274 526</b>
<b>Likviditet i prosent av kommunetilskot</b>	<b>8,8 %</b>	<b>7,7 %</b>	<b>9,6 %</b>	<b>8,6 %</b>

## Buffer i selskapet

Representantskapet har vedteke at buffer kan vere inntil 20% av kommunetilskotet. Dette vedtaket var gjort i 2021 (sak 12/21), og nyttar nemninga bufferfond, då selskapet på den tid ikkje førte pensjon med premieavvik. På grunn av endringa med pensjonsføring, rår eg til at det vert gjort eit nytt vedtak om råme for buffer i selskapet der dette knyter seg til fond minus avvik (jf tabellen ovanfor).

Tilrådinga er at fond minus avvik bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet for å sikre likviditeten.

# Budsjett 2025

Vedteke 23.9.24

Teneste	Konto	Konto(T)	R2023	B2024 - vedteke	B2025
11051	10100	Fast løn	1 622 871	1 690 000	1 625 000
11051	10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	51 042	0	-
11051	10504	Telefongodtgjørelse (sjå også 11309)	8 784	9 000	9 000
11051	10509	Trekkpliktig km-godtgjerdse	11 069	4 000	15 000
11051	10800	Godtgjersle folkevalde	-	0	-
11051	10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	34 500	70 000	94 000
11051	10802	Variabel godtgjersle folkevalde	28 453	25 000	30 000
11051	10903	Pensjonsinnskot - KLP	605 306	335 000	475 000
11051	10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 526	4 000	4 000
11051	10990	Arbeidsgjevaravgift	238 028	230 000	230 000
11051	10992	Ekstra arbeidsgjevaravgift	7 456		
11051	11000	Kontormateriell	8 413	2 000	3 000
11051	11001	Kopieringsmaterieill	-	1 000	-
11051	11007	Faglitteratur	4 515	0	-
11051	11150	Matvarer	7 933	5 000	10 000
11051	11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	1 408	0	-
11051	11207	Velferdstiltak tilsette	1 000	4 000	4 000
11051	11301	Bankgebyr	1 752	0	2 000
11051	11303	Telefon	3 760	5 000	5 000
11051	11305	Porto og frankering	-	0	-
11051	11309	Motpost fordel Elkomm (10504)	-8 784	-10 000	-10 000
11051	11401	Informasjon	3 700		
11051	11402	Representasjon	420		
11051	11500	Opplæring, kurs/seminar	55 929	70 000	80 000
11051	11502	Opplæring, kurs/seminar (løn)	-		
11051	11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	56 266	60 000	75 000
11051	11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	8 629	5 000	12 000
11051	11855	Yrkesskadeforsikring	3 162	4 000	4 000
11051	11900	Leige av lokale og grunn	67 882	70 000	75 000
11051	11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	4 017	0	5 000
11051	11957	Lisensar	36 872	15 000	40 000
11051	11958	OU kontingent arbeidsgivars del	376		
11051	11959	Kontingentar	30 767	34 000	34 000
11051	12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	-	3 000	3 000
11051	12001	Inventar og utstyr	30 674	10 000	15 000
11051	12701	Konsulenttenester	2 876		10 000
11051	13500	Kjøp av tenester frå kommunar	36 854	42 000	50 000
11051	13505	Kjøp av tenster frå interkommunale einingar	21 000	14 000	20 000
11051	13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	-	10 000	13 000
11051	14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momscomp	52 370	44 000	55 000
11051	15200	Utlån (eigenkapitalinnskot KLP)	14 934	14 000	15 000
11051	15400	Avsetnader til disposisjonsfond	16 913	0	50 000
11051	17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-52 370	-44 000	-55 000
11051	18500	Overføringar frå kommunar	-2 548 501	-2 675 000	-2 793 000
11051	19000	Renteinntekter	-872	0	-
11051	19050	Utbytte og eigaruttak (Gjensidige)	-423		
11051	19500	Bruk av disposisjonsfond	-	-50 000	-
11051		<b>Kontrollutval</b>	<b>472 507</b>	<b>-</b>	<b>204 000</b>
17000	10908	Premieavvik KLP	-308 945		-77 000
17000	10998	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik KLP	-43 561		-7 000
17000		<b>Årets premieavvik</b>	<b>-352 506</b>	<b>-</b>	<b>-84 000</b>
17300	10906	Bruk av premiefond	-120 000		-120 000
17300		<b>Premiefond</b>	<b>-120 000</b>	<b>-</b>	<b>-120 000</b>
	<b>100</b>	<b>SEKOM</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

# Økonomiplan 2025 - 2028

Vedteken 23.9.24

		Deflator	4,4 %	4,0 %	4,0 %	4,0 %
Teneste	Konto(T)	B25	B26	B27	B28	
	Utgifter eks pensjon	2 527 000	2 628 080	2 733 203	2 842 531	
	Pensjonsutgifter - brutto	475 000	425 000	430 000	435 000	
	Inntekter	-2 848 000	-2 961 920	-3 080 397	-3 203 613	
	Fond - avsetjing / bruk	50 000	8 840	17 194	26 081	
11051	<b>Sum Kontrollutval</b>	<b>204 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	
17000	<b>Årets premieavvik pensjon</b>	<b>-84 000</b>	<b>-100 000</b>	<b>-100 000</b>	<b>-100 000</b>	
17300	<b>Premiefond pensjon</b>	<b>-120 000</b>				
	<b>SEKOM</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	

Pr 1.1.25	Fond	Pr 31.12.25	Pr 31.12.26	pr 31.12.27	Pr 31.12.28
682 099	Disposisjonsfonda	732 099	740 939	758 133	784 214
459 554	Oppsamla premieavvik med arb.gjevaravgift	482 398	513 143	463 143	509 688
<b>222 545</b>	<b>Fond minus avvik (likviditet)</b>	<b>249 701</b>	<b>227 796</b>	<b>294 990</b>	<b>274 526</b>

	Netto pensjonsføring	B25	B26	B27	B28
	<b>Netto pensjonsføring pr år</b>	<b>278 000</b>	<b>325 000</b>	<b>330 000</b>	<b>335 000</b>